
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 3. juli 2018 13:55
Til: 'johntoreh@yahoo.com'
Emne: Vedr. spørsmål om terrasse på gbnr. 48/29

Hei

Gbnr. 48/29 er satt av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) med status som spreidd fritidsbustad. At den er satt av til spreidd fritidsbustad inneber at ein kan gjere enkelte tiltak på eigedomen utan å måtte søkje om dispensasjon frå LNF-formålet. Ein markterrasse er ikkje eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova når den er under 50 cm høg. I strandsona er likevel alle tiltak avhengig av dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona. Dette inneber at viss du skal lage ein terrasse som du viser til må du søkje om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona. Viss du får dispensasjon kan du byggje markterrassen utan ein nærare søknadsprosess.

Vi har ikkje skjema for søknad om dispensasjon, så du skriv søknaden på eiga hand. Du må grunngje den utifrå følgjande: omsynet bak byggjeforbodet i strandsona må ikkje bli «vesentlig» sett til side ved oppføring av tiltaket. I tillegg må fordelane ved tiltaket vere «klart større» enn ulempene. Det må i tillegg leggjast ved eit kart som viser plassering av tiltaket, samt ei teikning som viser storleik og høgd på tiltaket.

Dispensasjonssøknaden må nabovarslast til eigar av gbnr. 48/7 og 48/32.

Vi kan sende deg kart og skjema for nabovarsel om ønskjeleg. Gi oss ei tilbakemelding i så tilfelle.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

